

Handlingsplan for kommunikasjon

Ål kommune 2025-2028

Denne planen er laga for å kunne følge opp konkrete mål i Ål kommune sin kommunikasjonsstrategi 2025-2028.

Strategien har tre overordna mål:

1: Kommunikasjonen vår skal bidra til gode kvardagsliv, medverknad og samskaping for innbyggjarane

2: Ål kommune skal bygge ein god intern kommunikasjonskultur

3: Kommunikasjonen vår skal bidra til rekruttering og bu- og blilyst

Tiltaka i handlingsplanen er basert på innspel frå sektorane, innhenta gjennom avdelingsleiarmøter frå våren 2023 og gjennom 2024.

Tiltaka må sjåast som *utvalte satsingsområder* i planperioden (2025-2028) som deretter skal evaluerast og reviderast. Det er mange kommunikasjonstiltak som ikkje blir nevnt her, som likevel kvar dag og veke blir utført i Ål kommune. Dei tiltaka som er lista opp her er dei innspelsrunden syner at vi *bør forbetre, fornye eller kartlegge betre*.

Det er eit overordna mål at *arbeidet og prosessane* med både kommunikasjonsstrategi og handlingsplan skal bidra til auka kompetanse i organisasjonen på samspelet mellom kommunikasjon og tenesteyting. Prøving og feiling er slik sett ein del av planen – men viktigast: At vi reflekterer over og drøfter tiltaka vi gjer, og nyttar erfaringane til vidare læring og utvikling.

Kommunikasjonsstrategi 2025-2028 og handlingsplan 2025-2028 er utarbeida av Arbeidsgruppa for kommunikasjon i Bulystprosjektet, beståande av: Torun Torsteinsrud (Ål kulturhus), Inger H. Lervåg og Bente Vestby (Servicetenester), Kirsten Lucie Kvalvågnes (Ål bibliotek) og Anne Nordheim (Bulystprosjektet).

Planane er vedtekne i Rådmannsteam 04.12.2024 og gjeldt frå 01.01.2025 til 31.12.2028.

1. Ål kommune si heimeside – aal.kommune.no

Tiltak / område	Satsing 2025-2028	Ansvar
Drift og utvikling av www.aal.kommune.no	• Forbetre tekstar på nettsida når det gjeldt klarspråk og nynorsk • Forbetre søk og chatbot på nettsida • Gjennomgang av ulike skjema på nettsidene – oppdatering, korrigering, opprydding og digitalisering	Avdelingar Servicetorget
Tilgjengelegheit og universell utforming	• Jobbe for å oppfylle <i>tilgjengelegheitserklæringar</i> • Prosjekt: Kartlegge kostnader for evt omsetjing av kjerneinformasjon til 1-2 minoritetsspråk	Servicetorget
Opplæring / kompetanseheving	• Kurs i tekstskriving og publisering i Episerver skal gjennomførast kvart halvår • Servicetorget kan nyttast som konsulent for å forbetre innhald saman med avdelingane	HR (kompetanseheving)
Bilete	- Avdelingsleiarar	

2. Ål kommune sine andre digitale kanalar

Tiltak / område	Satsing 2025-2028	Ansvar
Kommunale nettsider: www.aal.kulturhus.no Fritid Hallingdal Kurs i Hallingdal Ål kulturskule Biblioteket	• Forbetre tekstar på nettsida når det gjeldt klarspråk og nynorsk • Forbetre søk og chatbot på nettsida • Gjennomgang av ulike skjema på nettsidene – oppdatering, korrigering, opprydding og digitalisering	Ål kulturhus Kulturkontoret Hallinghelse Kulturskula Biblioteket
Nyheitsbrev		Kulturkontoret
Sosiale medier	• Sjå retningslinjer for Sosiale Medier av 10.11.2023 • Avdelingane skal avpublisere kanalar som ikkje har vorte oppdatert på minst 4 månader	Avdelingsleiarar
Innbyggjarapp	Lansert haust 2023 – evaluerast slutten av 2024 start 2025	Frivilligsentralen/Serviceorget
Visma føresett og andre portalar i oppvekst	Tilretteleggje for at flest mogleg kan nytte digitale løysingar. Kompetanseheving der det er naudsynt.	
UMS-varsling	Kritiske meldinger må sendast ut på bokmål så me er sikra at alle forstår meldinga. Kommunen har 20% framand-språklege og mykje turistar innom.	Utvikling/beredskap

3. Ål kommune sine fysiske kanalar

Tiltak / område	Satsing 2025-2028	Ansvar
Kulturhusprogrammet	Fortsette å vise heile breidda i tilbod på huset ved å legge inn arr i regi av alle leigetakarar/ aktørar, samt eksterne	Ål kulturhus
Dørstokkmila	Utgjeving 4 gonger/år, distribusjon alle husstandar	Frivilligsentralen
Plan- og strategidokument	Sørge for at plan- og høyringsdokument er fysisk tilgjengelege for ikkje-digitale innbyggjarar på tilgjengelege stader	Den enkelte avdeling
Arrangement og innbyggjarmøter	Fortsette å satse på innbyggjarmøter i samarbeid med velforeiningar, kultur, bibliotek, handelsnæring osv	Bu- og blilystprosjektet Kultur
Digital bygdis	Fortsette å bygge digital kompetanse/skape arena for innbyggjardialog gjennom digital bygdisarr.	Frivillingsentralen/Bibliotek/Servicetorg
Grafisk profil		Servicetorget
Servicetorget og Kulturhusfoajeen		Servicetorget/Ål kulturhus

Hallingdølen som kanal		Ål kulturhus/Serviceorg
------------------------	--	-------------------------

4. Internkommunikasjon

Tiltak / område	Satsing 2025-2028	Ansvar
Teams	- Sikre at alle nytilsette har tilgang til og kan nytte Teams til dei oppgåver/ funksjonar dei treng - Jobbe med informasjonsarkitekturen i Teams #AL Ål kommune slik at tilsette opplever det som tilgjengeleg, intuitivt og lett å finne fram	Avdelingsleiarar HR
Kommunikasjonsgruppe	Innarbeide rutiner for å drøfte formidling/ kommunikasjon. Er det noko Servicetorget bør vite? Har me saker til «aktuelt»? Kva bør me oppdatere andre avdelingar om via Intranettet?	Avdelingsleiarar
Rådmannsteam/ avdelingsleiarseminar	Informasjon ut på intranett når aktuelt	Rådmannsteam
Framsnakk og bygge stoltheit	- Dele gladsaker på intranett - Rådmann	Alle
Intranett	Skal vere primærkanal for intern informasjon	Kvar enkelt avdeling

5. Informasjonssikkerheit, personvern og kompetanse

Tiltak / område	Satsing 2025-2028	Ansvar
Gruppa for Informasjon- og personvernssikkerheit i Hallingdal	• Drive kompetanseheving • Passordsikkerheit • Lagringssikkerheit • Rutinar for dokumentlagring	Avdelingsleiarar Informasjonssikkerheits-ansvarleg Personvernombod
Internkontroll	Compilo er iverksatt. KINS-malane er på bokmål då dei automatisk blir oppdatert av systemeigar.	Systemeigar/Systemadmin/avdelingsleiarar
Behandlingsprotokoll	Prosjekt heilheitleg styringssystem for informasjonssikkerheit jobber for nytt system	Regional faggruppe
Språkkompetanse – nynorsk og klarspråk	Benytte til dømes TANSA (rettskrivingsprogram)	Alle
Medie/ pressehandtering		Ordførar/ rådmannsteam

5. Måling, evaluering og vidareføring

Tiltak / område	Satsing 2025-2028	Ansvar
Nytilsette i Ål kommune		HR/avdelingsleiarar
Revidering av Kommunikasjonsstrategi og handlingsplan hausten 2028		Arbeidsgruppa for kommunikasjon Servicetorget Rådmannsteam